

Vedtekter for Jordvernforeninga i Rogaland

§1 FORMÅL

Jordvernforeninga i Rogaland er ein tverrpolitisk og partipolitisk uavhengig interesseorganisasjon. Foreninga vil gjennom ulike tiltak arbeida for å vekka viljen hos politikarane og opinionen for å få til ei harmonisk utvikling i Rogaland. Jordvernforeninga vil at utbygging skal skje på dei minst produktive areala.

§2 MEDLEMMER

Foreninga er basert på aktive medlemmar og støttemedlemmar. Årsmøtet bestemmar kontingenten.

§3 Utmelding

Medlemskapen bortfell dersom kontingenten ikkje blir betalt innan 31. mars året etter innkrevjing.

§4 Styret

Foreninga blir leia av eit styre på 5 personar. Styret held møte så ofte som leiaren finn det nødvendig, eller når 3 styremedlemmar krev det. Oppgåvene til styret er:

1. velja nestleiar, kasserar og sekretær
2. stå for drifta av foreninga
3. oppnemna utval og komitear etter som styret finn det nødvendig
4. sjå til at rekneskapen blir forsvarlig ført
5. sjå til at det blir ført møtebok

§5 Årsmøtet

Årsmøtet er det høgaste styringsorganet i foreninga, og blir innkalla av styret. Årsmøtet vert halde innan 30. mars, etter 8 dagars skriftleg innkalling med sakliste. Saker som det er ønskje om å få behandla av årsmøtet, må vera sette opp på saklista.

Ekstraordinært årsmøte blir halde når styret eller ¼ av medlemmane krev det.

Årsmøtet skal:

1. velja møteleiar
2. velja to medlemmar til å skrive under protokollen
3. behandla årsmeldinga
4. behandla rekneskap
5. behandla budsjett
6. velja leiar for eitt år
7. velja 2 eller 3 styremedlemmar for 2 år
8. velja 3 vararepresentantar i nummerorden for 1 år
9. velja 2 revisorar
10. velja 1 person til valkomite for 3 år
11. Årsmøtet bestemmer kontingenten
12. Årsmøtet bestemmer godtgjersla til styreleiar
13. Valkomiteen kjem med forslag til nye kandidatar under punkt 6, 7, 8, 9 og 10

§6 Vedtektsendring

Vedtektsendring kan bli gjort i ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Det skal stå i innkallinga kva endringa gjeld. Vedtektsendring krev minst 2/3 fleirtal av årsmøtet.

§7 Oppløysing

Årsmøtet kan oppløysa foreninga, når det finn det ønskjeleg. Det må vere 2/3 fleirtal for oppløysing på årsmøtet.

§8 Godtgjersle

Det vert gitt godtgjersle til styreleiar. Årsmøtet bestemmer godtgjersla. For å fremje laget sitt formål, kan styret gje honorar til skribentar av innlegg til offentlege etatar.